



## Informasjon til føresette og ungdommar om Ungdata-undersøkinga i Møre og Romsdal 2022

I 2022 blir Ungdata-undersøkinga gjennomført i Møre og Romsdal blant elevar i den vidaregåande skulen. Undersøkinga går føre seg på skulen i løpet av veke 5 til 7. Målet er å få ei oversikt over korleis ungdom har det og kva dei driv med i fritida.

### FØREMÅLET MED UNDERSØKINGA

- Gje ungdom ei moglegheit til å fortelje lokale politikarar og styresmakter om korleis det er å vekse opp i dag.
- Gje kunnskap som kommunen kan bruke i arbeidet sitt med å gjere ungdommen sin oppvekstsituasjon betre.
- Skaffe forskingsdata for å få meir kunnskap om unge sin oppvekstsituasjon lokalt, nasjonalt og over tid.

### KVA VI SPØR OM I UNGDATA?

- Venner, fritid og mediebruk
- Familie, skule og nærmiljøet
- Helse, trivsel og livskvalitet
- Mobbing, vald og trakassering
- Regelbrot og rusmiddelbruk
- Kjønn, klassetrinn, utdanningsnivået og landbakgrunnen til foreldra, busituasjon

Føresette kan sjå spørjeskjemaet ved å klikke på lenkja nedst på sida.

### KORLEIS BLIR UNGDATA GJENNOMFØRT?

- Det er sett av éin skuletime til å svare på undersøkinga, som går føre seg med ein vaksen til stades.
- Undersøkinga blir gjennomført elektronisk ved at ein loggar seg inn på svarsida til Ungdata med ein tilfeldig eingongskode. Det er ikkje mogleg å knyte koden til personen som svarer.
- Elevane svarer ved å krysse av i spørjeskjemaet.
- Dei som ønskjer det, kan få spørsmål og svara i spørjeskjemaet lesne opp. Dette krev at dei bruker hovudtelefonar.

### DET ER FRIVILLIG Å DELTA

- Ungdommane vel sjølve om dei vil delta eller ikkje.
- Dei som deltek, kan hoppe over spørsmål dei ikkje ønskjer å svare på, og kan slutte å svare undervegs, dersom dei ønskjer det.

### SAMTYKKE FRÅ FØRESETTE

- Det er du som føreset til ein ungdom under 18 år, som bestemmer om barnet ditt skal delta i undersøkinga eller ikkje.
- Dersom du ønskjer at barnet ditt skal delta, treng du ikkje å gjere noko som helst.
- Dersom du ikkje ønskjer at barnet ditt skal delta, må du gje melding om dette til kontaktlæraren/skulen før undersøkinga startar.

### PERSONVERN

- Deltakarane sine svar vil bli behandla konfidensielt. Det vil seie at berre forskarar og rådgjevarar i prosjektet og firmaet som registrerer dei elektroniske svara, vil få tilgang til svara.
- Det vil ikkje vere mogleg å kjenne att nokon som har svart når resultatata frå undersøkinga blir offentleggjorde.
- Forskingsdata som inneheld moglege indirekte personopplysningar, vil bli oppbevarte på eit sikkert område fram til utgangen av [2026]. Etter det vil alle opplysningane bli anonymiserte.
- Ungdata-undersøkinga er godkjend av personvernombudet ved OsloMet (personverombudet@oslomet.no).
- Datasettet vil ikkje innehalde direkte personopplysningar, og det vil difor heller ikkje vere mogleg å få ein deltakar sine data retta eller sletta i etterkant av undersøkinga.
- NOVA behandlar opplysningane basert på samtykke frå deltakarane.

### BEREDSKAP

Skulehelsetenesta vil ha beredskap etter undersøkinga for elevar som måtte trenge det.

### ANSVARLEGE FOR UNDERSØKINGA

Undersøkinga blir gjennomført av Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet – storbyuniversitetet og KORUS Midt, på oppdrag fra Møre og Romsdal fylkeskommune.

### KONTAKTINFORMASJON

#### Ungdata-koordinator:

Sigrid Torbjørnson, Spesialkonsulent  
71282401 / sigrid.torbjornson@mrfylke.no

#### Kontaktperson ved KORUS:

Rune Svenslid, rådgiver, KORUS Midt  
92 24 57 00 / rune.svenslid@stolav.no

Trykk på lenka for å sjå spørjeskjemaet for undersøkinga:  
<https://www.results.dk/UngdataQuestionnaire?guid=>

Du finn meir informasjon om undersøkinga på nettsidene til Ungdata:  
<https://www.ungdata.no>

Information in other languages/informasjon på andre språk:  
<https://www.ungdata.no/informasjon-til-ungdom-og-foresatte/informasjonsbrev-pa-andre-sprak/>